



Arne Even Bruknapp
Røahagen 35 B
0754 OSLO

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/485 - 15/31624

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
08.10.2015

Avvising av klage på gebyr - gbnr 68/2 Bruknapp

Administrativt vedtak. Saknr: 445/15

Tiltakshavar: Arne Even Bruknapp

Klage: Klage på fastsetting av gebyr

Saka gjeld klage på gebyr for dispensasjonshandsaming og løyve til å føra opp eit lite påbygg.

Det vart sendt inn søknad om dispensasjon for oppattbygging av delar av ei nedrast løe der berre grunnmuren står. I same søknad var det også søkt om gebyrreduksjon etter pkt 4.12 i gebyrregulativet. Denne søknaden vart avslått og gebyret på totalt kr 20 700,- vart fastsett i administrativt vedtak nr 455/15 datert 11.08.2015 og sendt med Posten den 12.08.2015. Det er klaga på gebyrvedtaket i brev motteke 04.09.2015, som er innafør klagefristen.

Klage:

I klagen står det mellom anna:

Vi klager med dette på at vi er ilagt to dispensasjonsgebyr på kr. 8.400.-, for både byggeforbud i strandsone, pbl § 1-8 og for plankrav, pbl § 11-6, dvs. totalt kr 16.800. Mer presist klager vi over at vi er ilagt sistnevnte gebyr for plankrav.

Klagar viser vidare vidare til det han har klaga over tidlgare: At han ikkje har vorte varsla direkte om kommuneplanen sin verknad for eigedommen. Han viser også til ei plansak i Oslo som han meiner har relevans for spørsmål om personleg/offentleg varsling i denne saka.

Vurdering:

Det følgjer av plan- og bygningslova § 33-1 1.ledd at kommunen har heimel til å fastsetta gebyr for tenester/arbeid som ein utfører etter plan- og bygningslova. Fastsetting av gebyrsatsar gjennom eit regulativ vert å sjå som ei forskrift etter forvaltningslova § 2 bokstav c. Gebyra er standardiserte og er knytte direkte opp mot ulike tenester. Det følgjer av forvaltningslova § 28 1.ledd at enkeltvedtak kan klagast på. I forvaltningslova § 2 1.ledd bokstav a, jf. b er eit enkeltvedtak ei avgjerd som vert treft under utøving av offentleg myndigheit og som gjeld rettar og plikter til ein eller fleire bestemte personar.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

I brev frå lovavdelinga i Justisdepartementet den 29.8.1989 kjem det fram at det er avgjerande for korleis gebyrordninga er utforma, om det pålagte gebyr er å sjå som eit enkeltvedtak eller ikkje. Der ei gebyrforskrift er utforma slik at eit eintydig bestemt gebyr skal betalast, kan ilegging av gebyr ikkje sjåast på som eit enkeltvedtak. Vidare er det uttalt at det blir heller ikkje gjort ei individuell avgjerd sjølv om det finst differensierte gebyrsatsar så framtidig det ikkje er forbunde med rettsleg eller faktisk tvil å ta avgjerd om kva gebyr som skal ileggast i den einssilde sak, men er kun snakk om kalkulasjon av faktiske kjennsgjeringar.

For søknadar om tiltak som krev dispensasjon etter plan- og bygningslova vert det etter Lindås kommune si gebyrforskrift gjeve eitt dispensasjonsgebyr for kvar regel det vert dispensert frå, jf. gebyrforskrifta punkt 9. I denne saka gjeld det byggeforbodet i strandsona etter pbl §1-8 og krav om reguleringsplan innafor byggeområde.

I **klagen** vert det vist til at heimelshavar ikkje vart varsla om at arealet med løa på låg inne i byggeområde for hytter og at dette var vanskeleg å lesa ut frå kart som ligg på nettet. Sjølv i den målestokken som ligg på nettet (braplan) bør det gå an å sjå at løegrunnen ligg innafor byggeområde. Dette var også likt i den gamle planen før 2011. Det som vart endra var at den nye kommuneplanen har strengar reglar for plankrav og strandsonevern – det kan lesast tydeleg på nettet. Den planen i Oslo som det er vist til, er ein annan type plan, og har ikkje relevans til denne saka. Det følger direkte av plan- og bygningslova at kunngjering av kommuneplan i aviser og på nett er tilstrekkeleg varsling når det gjeld arealdelen av kommuneplanen.

Konklusjon

Administrasjonen kan ikkje sjå at det har vore knytt faktisk eller rettsleg tvil kring fastsettinga av det gebyret som skal betalast i saka, og det er ikkje utøvd skjønsmessige vurderingar i samband med gebyrfastsetjinga. Det er ingen spesielle forhold i denne saka som skil den frå andre saker der det trengst dispensasjon både frå verknaden av kommuneplanen og frå det generelle byggeforbodet i strandsona.

Betalingsplikta har ikkje oppstått som ei følge av ei individuell avgjerd frå forvaltninga, og fastsett gebyr kan ikkje reknast som eit enkeltvedtak som kan påklagast, jf. fvl § 28 1.ledd. Klagen må difor avvisast, jf. fvl § 33 2.ledd siste setning.

VEDTAK:

Klage på gebyr motteken 04.09.2015 vert avvist, jf. forvaltningslova § 33 2.ledd siste setning, jf. § 28 1.ledd.

Klagerett:

Vedtaket om å avvise klagen er eit enkeltvedtak som kan påklagast til overordnaforvaltningsorgan innan 3 veker, jf. forvaltningsloven § 29 første ledd. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. Det skal gå fram kva vedtak som vert påklaga og kva endring(er) ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast og signerast av klager eller hans fullmektig. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Mottakarar:

Arne Even Bruknapp

Røahagen 35 B

0754

OSLO